Målande par frå Valen er aprilutstillarar

30.03.2007

Håkan og Solveig klare til å presentera seg i Uskedalen. Her sit ho med ein iris og han med trugande skyar over Bohuslän. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi er berre amatørar og dette er ein rein hobby for oss, seier ekteparet Solveig Sandberg Bjørk (59) frå Valen og Håkan Bjørk (60) frå Gøteborg, som er aprilutstillarar hos Dagestad i Kunst & Ramme.
- Det er slike eg helst vil ha, storfresarane får andre ta seg av, seier verten og går i gang med innramminga.

Begge utstillarar er utføretrygda og har tid til å boltra seg med penselen, sjølv om dei i den siste tida har boltra seg enda meir med golfkølla både rundt Søral og i store delar av Europa!
Dei bur på Valen og har gjort det i 10 år, men det var i Sverige dei traff kvarandre og dei hadde måla kvar for seg ei god stund før det.

Håkan satsar satsar helst på olje, men også på akvarell og akryl og det er naturen som inspirerar han mest. Det er også lett å sjå at han har sterke røter frå Bohuslän-kysten, for motiva av trelause klipper, hav og skyar er dei beste i samlinga hans. Men han har også motiv der inspirasjonen er henta ved vestlandske fjordar og fossar
- Eg er gamal orienteringsløpar og hadde det slik at eg etter målpasseringa kunne ”framkalla” naturen att slik han var på dei enkelte postane. Det hadde eg nytte av då eg byrja å sysla med måleri, fortel Håkan, som no har måla i 17 år.

- Han er ei meister med skyar, er attesten som kjem frå Solveig, som har måla i 14 år med eit opphald på fem.
Ho målar helst akvarellar og har spesialisert seg på blomar av alle slag. Ein iris er eit dominerande blikkfang i Uskedalen-utstillinga. Men ho har og Vøringfossen i gamal form, fyrtårn i Bohuslän og vinterlandskap å lokka med.

Solveig og Håkan har hatt utstillingar saman tre gonger i Gøteborg og her i Kvinnherad har dei stilt ut både på Herøysund og Husnes – den siste staden saman med andre. Men no er det åtta år sidan sist og difor er dei litt nervøse og spente på mottakinga.

Av Ola Matti Mathisen